



Hans Olav Evensen

Dato: 05.11.2014
Vår ref.: 2014/13277-32
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Svar på spørsmål om midlar til fylkesvegar i Hordaland

Det vert vist til dykkar epost av 19.10.2014 stila til leiar i samferdselsutvalet i Hordaland, Gustav Bahus, vedkommande spørsmål om midlar til utbetringar på Fv. 404 i Lindås kommune.

Når det gjeld ditt konkrete spørsmål om det er samferdselsutvalet som bestemmer prioriteringar og midlar, og når dette skal skje, så er prosessen som følgjer: Fylkesrådmannen legg fram budsjettsak for fylkesvegnettet for 2015 i samferdselsutvalet sitt møte den 12. november. Endeleg vedtak skjer i fylkestinget i desember.

Som du er inne på i din epost så vert det arbeidd med ein reguleringsplan for området. Kommunen opplyser til oss at denne ikkje er ferdigstilt. Det er naudsynt med ein godkjent plan før det i noko grad kan gjennomførast større tiltak på vegen. Det kan vere aktuelt å gjerne mindre strakstiltak på strekninga kommande året, men denne prosessen er ikkje ferdigstilt.

Fylkeskommunen har i dag oppmoda kommunen om å søkje om planmidlar for å få ferdigstilt reguleringsplanen.

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør samferdsel leiar

John Martin Jacobsen
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi:
Statens vegvesen
Lindås kommune, teknisk etat
Lindås kommune v/ ordførar